



Møteprotokoll

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Odda

Dato: 20.06.2023

Tidspunkt: 14:00 - 16:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Leiar	Vestland fylkeskommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Hilde Enstad	Nestleiar	Kvinnherad kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Leif Sverre Enes		Kvinnherad kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Navn
Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 13/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 15/23	Framlegg - Søknad om å løyve til tiltak knytt til restaurering av stølsbu i Vierdal - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/11690
ST 16/23	Framlegg - Ombygging av stølshus på Liasete i Buer landskapsvernområde i Ullensvang - 52/1 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/10624
ST 17/23	Saksframlegg - Oppsetjing av LoRaWan basestasjonar i beiteområde for sau - Folgefonna nasjonalpark og Hattebergsdalen landskapsvernområde		2023/7274
ST 18/23	Framlegg - Innsamling av planter, sopp og lav i samband med basiskartlegging - Buer landskapsvernområde og Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2023/5677
ST 19/23	Utvila frist - Etablering av mobilmast ved Buer - Telenor - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/1736
ST 20/23	Referatsaker		
RS 7/23	Folgefonna nasjonalpark - Orientering - utgreiing av endring - forskrift om vern - Hattebergsdalen landskapsvernområde		2023/6509
RS 8/23	Synfaring i samband med retting av tiltak knytt til stølsbu i Vierdal i Folgefonna nasjonalpark		2022/11690
RS 9/23	Stadfesting av klage - Klage på utsett vedtak i sak om utviding av støl på Liasete - Buer landskapsverneområde - Ullensvang - 52/1 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/10624
ST 21/23	Delegerte saker		

ST 13/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjent.

ST 14/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak

Styreleiar Sigrid Brattabø Handegard og Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim signerer protokollen.

ST 15/23 Framlegg - Søknad om å løyve til tiltak knytt til restaurering av stølsbu i Vierdal - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Nasjonalparkstyret gjennomførte synfaring i Vierdal i forkant av møtet. Til stades på synfaring:

Frå nasjonalparkstyret:

- Sigrid Brattabø Handegard
- Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim
- Jarle Vangen
- Leif Sverre Enes

Elles møtte:

- Astrid Bakke Haavik, forvaltar
- Anne Lise Brask Eriksen, bygningsvernkonseil i Vestland fylkeskommune
- Stefan Kallstrøm, byggesakshandsamar i Ullensvang kommune
- Einar Riise, søkjar, med slekt

På synfaringa orienterte søkjar og slektingar om stølen, historikk og om byggeprosessen på nytt sel. Styret orienterte om saksgong og kva reglar og retningslinjer dei forheld seg til når det kjem til byggjesaker i verneområda styret forvaltar.

Styret vart merksam på at det var bytta tak på eit av dei andre sela på stølsvollen i seinare tid utan å søkje om løyve til det. Styret gir forvaltar fullmakt til å følgje opp dette med eigar.

I handsaming av saka er det klart for styret at det er mange brot på vernereglane og på vilkår gitt i byggeløyvet. Styret vurderer om saka skal anmeldast eller om det bør krevjast riving av bygget. Styret erkjenner at det byggeløyvet som blei gitt i 2013 var særsmangefullt og at det burde vore gitt tydelegare retningsliner. Det er likevel klart at søker har gått langt utanfor det som er omsøkt, med terrenginngrep i et stort område rundt selet og ved å bruke metodar og material som ikkje var nemnt i søknad eller løyve. Det er viktig for styret at vi har ei pragmatisk tilnærming og sørger for at alle oppfølgjande tiltak skal ha minst mogleg negativ effekt på verneverdiane og sørge for at verneføremalet vert opprethalde. Difor vil styret fokusere på retting og avbøtande tiltak som skal dempe inntrykket av bygget slik det er i dag og gjere at det glir meir inn med det kringliggende stølsmiljøet. Det er også positivt at kulturlandskapet og stølsmiljøet på Vierdal vert opprethalde med beite av både sau og storfe og bruk av sela. Styret ønskjer at det skal vere mogleg å drive aktivt landbruk på lag med vernereglane i Folgefonna nasjonalpark, utan at stølsmiljøa vert forringa av det.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre pålegg Einar Riise å rette opp i fleire inngrep gjort i samband med ombygging av stølshus på Vierdal etter løyve gitt i sak ST 7/14, sendt ut per brev 24. april 2014. Vedtaket er gitt med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 69. Det er også gitt løyve til ei rekke element som ikkje vart handsama i løyve 7/14. Løyver og pålegg om retting er lista opp under.

Einar Riise får løyve til å behalde desse elementa som ikkje var med i opprinnelige byggesøknad og -løyve, som omsøkt etter kontroll hausten 2022.

- Taksteinen kan behaldast
- Ekstra vindauge i gavl på vestsida
- Solcellepanel som dei er i dag
- Konteiner kan stå fram til byggearbeidet er ferdig med siste frist 30. 09.2023. Frakt av konteinar ut av området krev eige motorferdselløyve.
- Vindauge og dør i kjellar kan behaldast så lenge dei er tildekte med skodder eller tredekke når selet ikkje er bebudd, sjå punkt under retting.
- Behalde steintippen mellombels. Steinen skal nyttast til å blende ringmuren på vestsida av selet. Overskytande steinmassar skal tilbakeførast i terrenget rundt hytta der det er gjort gravearbeid på ein naturleg og terrentilpassa måte og dekkast med jordmassar og torv så det gror fort til og ikkje er tydelege steinsamlingar igjen. Tilførte steinmassar må fraktast ut av området. Fristen for å rette opp er sett til 30.09.2023.

Følgjande tilhøve må rettast som skildra. Fristen for å rette opp er sett til 30.09.2023.

- Grunnmur: Det er eit stort sprik mellom dei omsøkte byggetekningane og grunnmur og kjellar slik han framstår i dag.
- Sørveggen av muren: For å framstå som på byggetekning pålegg styret tiltakshavar å kle inn betongmuren på sørsida med ståande kledning, der dør og vindu får skodder eller tredekke som går i ett med kledningen på muren. Tredekket skal ha same farge som resten av hytta. Tiltaket er vist på figur 1 under:



Figur 1: Stående kledning som demper inntrykket av betongmuren.

- Vestre gavlvegg: For å dempe inntrykket av muren her pålegg styret å legge ein støttemur i naturstein som blir lik dei andre sela på stølsvollen. Muren skal ikkje gå meir ut enn ein meter frå selet, fram til hjørnet på sørveggen og resterande betongmur opp mot kledning dekkast med stående kledning eller bølgjeblikk slik det er begynt dekka som vist i figur 2



Figur 2

- Austre vegg og terrasse: Her er det murt opp ein terrasse med front på to meters høgde og sju meters lengd. Styret pålegg Einar Riise å fjerne stein frå bakkemur som vist på figur 3 og 4. Terrenget elles i terrassen skal tilbakeførast til opphavleg helning, med bruk av overskytande stein og jordmassar. Ei enkel steintrapp i stil med dei andre sela på stølsvollen kan settast opp for å lette tilkomst til døra.



Figur 3



Figur 4

- Inngongsdør: Styret pålegg søker å endre døra til ei tredør utan vindauge som omsøkt, sjå figur 5:



Figur 5

Førehandsvarsel om tvangsmulkt

Einar Riise vart førehandsvarsla om at det kunne komme krav om retting i brev sendt frå nasjonalparkstyret 21.10.2022.

Om dei krava som er nemnte over ikkje er retta opp innan **30.09.2023**, vil styret krevje tvangsmulkt på 500 kroner per dag til dei ulovlege tiltaka er retta opp i. Dette vedtaket er å rekne som eit førehandsvarsel om tvangsmulkt etter naturmangfaldlova § 73. Vi gir ein frist på 7 dagar etter dette brevet vert sendt ut til å uttale seg om varsla tvangsmulkt.

Pålegg om retting slik vi gjer i dette brevet er eit enkeltvedtak og kan klagast på av ein part eller ein med rettsleg klageinteresse i saka innan tre veker etter at brevet er motteke, etter forvaltningslova §§ 28 og 29.

Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokumenta. Etter forvaltningslova § 42 har du rett til å be om oppsettande virkning, det vil seie å be om at gjennomføring vert utsett til klagen er handsama ferdig.

**ST 16/23 Framlegg - Ombygging av stølshus på Liasete i
Buer landskapsvernområde i Ullensvang - 52/1 - Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Nasjonalparkstyret gjennomførte synfaring på Liasete i forkant av møtet. Til stades på synfaring:

Frå nasjonalparkstyret:

- Sigrid Brattabø Handegard
- Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim
- Jarle Vangen

- Leif Sverre Enes

Elles møtte:

- Astrid Bakke Haavik, forvaltar
- Anne Lise Brask Eriksen, bygningsvernkonseil i Vestland fylkeskommune
- Stefan Kallstrøm, byggesakshandsamar i Ullensvang kommune
- Jarle Fjæra, søker
- Eivind Fjæra, grunneigar og son til søker

Søker orienterte om historikken til selet og om omsøkte bygning. Forvaltar orienterte om kva som er krava i forskrift og forvaltningsplan og korleis saksgong vert vidare.

Byggesakshandsamar orienterte om kva krav som følgjer med i ein søknadsprosess etter plan- og bygningslova. Elles orienterte bygningsvernkonseilten om støtteordningar for restaurering av bevaringsverdige bygningar og søknadsprosessar.

Styret legg vekt på at stølsmiljøet skal framstå som i dag og ikkje få ytterlegare hyttepreg. Det er nokonlunde

Vedtak

Nasjonalparkstyret er positive til at søker vil ta opp att bruken av selet og er positive til omsøkte bygningsteikningar i areal. Styret ønskjer å få nye byggeteikningar som er betre tilpassa landskap og lokal byggeskikk, med særleg fokus på desse punkta:

- Bygningen skal ha tydeleg preg av stølshus
- Ikkje skråvegger og lite takutstikk
- Ein inngongsdør
- Tradisjonelt materialval på tak, kledning, dører og vindauge i fargar tilpassa landskapet (jordfargar)
- Fundamentert på natursteinsmur og mest mogleg nært bakken

ST 17/23 Saksframlegg - Oppsetjing av LoRaWan basestasjonar i beiteområde for sau - Folgefonna nasjonalpark og Hattebergsdalens landskapsvernområde

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Vestland Bjøllelag SA løyve til å sette opp basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Folgefonna nasjonalpark og Hattebergsdalens landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og verneforskrift for Hattebergsdalens landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Plasseringa av basestasjonane går fram av figur 2 i vedtaket
- Nøyaktig GPS-punkt skal målast inn ved montering og sendast til forvaltar innan 15. juli 2023

- Basestasjonar skal festast til fjell med maks åtte M8 boltar i syrefast stål
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane mindre ruvande i landskapet.
- Løyvet gjeld for mellombels plassering i terreng fram til og med sesongen f.o.m. 2023-2027
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.

Motorferdselløyve:

- Løyvet gjeld for inntil tre turar
- Løyvet gjeld i perioden 15.06-15.07.2023
- Løyvet gjeld for transport av basestasjonar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117
- Søkjar fører køyrebook som viser dato, køyrerute og føremål med turane før kvar enkelt tur
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2023/7274. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

ST 18/23 Framlegg - Innsamling av planter, sopp og lav i samband med basiskartlegging - Buer landskapsvernområde og Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Innstilling vart samråystes vedteke.

Vedtak

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i forskrift om vern av Buer landskapsvernområde og Bondhusdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 får Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter

AS løyve til å ta belegg av artar for vitskapleg føremål i delar av Bondhusdalen og Buer landskapsvernområde.

Løyvet gjeld fram til 1.november 2023.

Det er knytt følgjande vilkår til løyvet:

- Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med basiskartlegging i områda
- Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova)

ST 19/23 Utvida frist - Etablering av mobilmast ved Buer - Telenor - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Innstilling frå forvaltar

Technogarden AS får utvida løyvet gitt i sak ST 12/22 i 2022 løyve til å setje opp ein mobilmast ved Buer i Buer landskapsvernområde etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Plassering koordinater: 60.04404, 6.47849 og gnr/bnr 51/1
- Mast mål: maksimalt 24 meter høg og elles som omsøkt.
- Utstyrshytte med ytre mål 3,3 meter lang og 2,2 meter brei, med mønehøgd på maksimalt 3,4 meter over grunnmur. Fundamentering og hytte skal utførast som planteikningane i søknaden viser.
- Utstyrshytte skal utformast så han blir lite synleg i terrenget
 - Hytta målast i ein mørk jordfarge, dør og ev. vindauge også
 - Tak av mørk blikk
 - Ikkje utvendig lys
- Ved graving av jordkabel og fundament må topptorv leggast tilbake etter graving
- Om basestasjonen fell ut av bruk skal alt materiale fjernast for tiltakshavar si reikning
- Alt avfall og utstyr skal ryddast opp og fraktast ut ved ferdig bygg

- Anleggsperioden skal vere avslutta innan 31.12.2023
- Rapport for utført arbeid med sluttbilete skal sendast til nasjonalparkstyret, på folgefonna@statsforvalteren.no

ST 20/23 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte om referatsakene:

- Det vert invitert til stikurs 17. -19. august i Rosendal i regi av nasjonalparkstyret og SNO ved Rune Holen
- Det er tilbudt stilling til to kandidatar som har søkt på jobb. Astrid jobbar fram til september og er deretter i permisjon.
- Det er ikkje laga avtalar for gjennomføring av tiltak i år. Forvaltar jobbar med saken no.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre tek referatsakene til vitande.

ST 21/23 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak